



Møre og Romsdal fylke

## saksframlegg



Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
05.02.2009	MR 4198/2009	Roar Solbakken

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	23.02.2009

### **Utkast til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvann i 2009.**

#### **Bakgrunn:**

I "Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring" som ble lagt fram i august 2007, gjorde regjeringa det kjent at det skulle leggjast opp til ein ny tildelingsrunde for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, omtalt i St. prp. nr.1 (2007-2008).

Regjeringa la i St.prp. nr.1 Tillegg nr. 4 (2007-2008) fram opplegget for tildelingsrunden for 2009.

Det skal for 2009 tildelast 65 nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogaure.

I samband med tidelina av nye oppdrettsløyve har Møre og Romsdal fylke motteke høyringsframlegga frå Fiskeri- og kystdepartementet "Utkast til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2009".

#### Høyringsbrevet omhandlar:

- Fylkesvis fordeling av løyva
- Tildelinga av løyva skal skje mot fast vederlag
- Kriteria for tildeling
- Søknadsprosessen - medrekna konsultasjon med fylkeskommunane

#### **Vurdering:**

##### Fylkesvis fordeling av løyva:

Tidelina er den tredje etter år 2000 (tideliningar i 2001 og 2003).

Den fylkesvise fordeling er slik:

Finnmark 7, Troms 8, Nordland 15, Nord-Trøndelag 8, Sør-Trøndelag 7, Møre og Romsdal 5, Sogn og Fjordane 5 og Hordaland 5. I tillegg blir 5 løyve øyremerka sokjarar som ønskjer å satse på økologisk havbruk.

I Møre og Romsdal er det 103 matfiskløyve i dag, 5 nye vil gje ein auke på om lag 5%. Sett i lys av "Fiskeridirektoratets anbefalinger vedrørende områder som blir vurdert som mindre aktuelle for økning av oppdrettsvirksomhet" der

Fiskeridirektoratet ikkje tilrådde vekst i havbruk sør for Hustadvika, så er det positivt at Møre og Romsdal har fått 5 nye løyve og kan delta i ein kontrollert vekst innan sjømatproduksjon. (NM 37/08).

I tillegg kan Møre og Romsdal søke om dei 5 "nasjonale" løyva på økologisk produksjon av laks, aure og regnbogeaure.

I utkastet er det ikkje sett eit øvre tak for kor mange løyve ein søker kan tildelast. Vår vurdering er at det er vanskeleg å drive lønnsamt med berre ein konsesjon, men kor store "stordriftsfordelar" det er mellom selskap som har opptil 30 løyve er usikkert. Fiskeridirektoratets rapport: "*Økonomiske analyser akvakultur år 2007*" gav ingen sikre svar. Av prinsipp bør det etter vår vurdering ikkje settast eit tak for kor mange løyve ein søker kan tildelast.

Tildeling av løyve skal skje mot fast vederlag:

Det er foreslått eit vederlag for kvar konsesjon på 8 mill NOK. Vår vurdering er at under dagens finansielle tilhøve kan inngangsbilletten for nye næringsaktørar bli for høg.

For kvart løyve blir 3 mill NOK tilbakeført til fylkeskommunen. Resten av vederlaget (5 mill NOK for kvar konsesjon) er det ønskjeleg at Regjeringa tilbakefører til den aktuelle kommunen. Det er viktig at kommunane får ein nytteverdi for tilrettelegging og bruk av areal.

Kriteria for tildeling:

Regjeringa har foreslått at det berre kan gjevast tilsegn til søker som planlegg drift på lokalitetar i kommunar med godkjent arealdel av kommuneplan.

Det ligg som føring at "*mindre aktørar*" i næringa skal prioriterast ved tildelinga i 2009. Fiskeri- og kystdepartementet har lagt til grunn at ein "*mindre aktør*" skal tolkast som det som blir kalla små- og mellomstore selskap i "*Økonomiske analyser akvakultur 2007*" utgitt av Fiskeridirektoratet. Dette omfattar aktørar med inntil 19 løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure.

Vår vurdering er at ein differensiert struktur med eigarar som har ulik storleik er ein styrke for næringa. Dette kan og styrke lokalt eigarskap.

Regjeringa vil styrke verdiskapinga og sysselsettinga i kystdistrikta ved å prioritere aktørar som "*vil legge til rette for auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg*".

Uttrykket "*bearbeiding*" skal forståast vidt og kan omfatte slakting, vidareforedling og anna bearbeiding. Dess større grad av bearbeiding som skal gjerast dess meir skal det trekke i favør av aktøren.

Vår vurdering er at det er positivt at Regjeringa legg til rette for auka verdiskaping i kystsona. Det kan likevel bli vanskelig å etterprøve dette.

For fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, som ligg innanfor PD-sona (pankreassjukdom), gjeld eit prioritiseringskriterium om å bruke tildelinga aktivt til å stimulere til å endre lokalitetsstrukturen for å nedkjempe PD hos akvakulturdyr.

PD er ein særskilt alvorleg sjukdom hos laks og aure og har årsaka store økonomiske tap for næringa. I 2008 var det færre PD tilfeller i Møre og Romsdal enn i 2007, tendensen er positiv, driftsmessige tiltak er gjennomført, men sjukdomen er ennå ikkje nedkjempa.

Berre delar av Møre og Romsdal er råka av PD, området nord for Hustadvika er PD fritt.

Endringar i lokalitetsstrukturen kan vere innføring av såkalla branngater (større avstand mellom bestemte anlegg eller grupper av anlegg) eller innføring av større avstandar til farleier for brønnbåtar, slakteri og andre aktørar.

Vår vurdering er at det er positivt at Regjeringa vil stimulere til førebyggjande arbeid mot PD og andre virus- og bakteriesjukdommar og parasittar.

Vår vurdering er at det er positivt at Fiskeri- og kystdepartementet vil utvikle og stimulere til *økologisk havbruksproduksjon*. Dette kan bli ein interessant nisjeproduksjon av sjømat. Hovudkontoret til Noregs einaste produsent av økolaks, Villa Miljølaks, ligg i Møre og Romsdal.

**Søknadsprosessen:**

Ved tildelinga i 2001 var fylkeskommunane delaktig i tildelinga av løyve for oppdrett av laksefisk: fylkeskommunane skulle peike ut kommunar som skulle favoriserast med løyve. Fiskeridirektoratet skulle velje ut søkerarar til dei ledige løyva i dei utpeika kommunane.

Som følgje av forvaltningsreforma vil fylkeskommunane få ei rolle i tildelingsrunden i 2009. Eit løyve til havbruk består av ein rett til produksjon av ein bestemt art i eit bestemt omfang på ein gitt lokalitet. Det inneber at ei tilsegn om løyve ikkje gjev rett til drift før det er knytt ein lokalitet til løyvet.

Fiskeridirektoratet sin konsultasjon med fylkeskommunen vil innebere at den aktuelle fylkeskommunen uttalar seg om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, medrekna kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksem. Fylkeskommunens vurdering skal dokumenterast, dvs. grunngjevast skriftleg.

Styresmaktene ønskjer at saksbehandlinga er rask slik at søkerarar ikkje må vente på svar lenger enn det som er nødvendig. Fiskeridirektoratets konsultasjon med fylkeskommunane vil medføre ei auka saksbehandlingstid for søkerane til nye løyve.

Det er vår vurdering at det er positivt at Regjeringa ved Fiskeri- og kystdepartementet ønskjer at den auka saksbehandlinga skal vere så kort som mogleg, men fristen må vere lang nok til at fylkeskommunane får tilstrekkeleg tid å behandle søknadene på ein forsvarleg måte.

**Forslag til vedtak:**

1. Møre og Romsdal fylke er nøgd med at fylket er tildelt 5 nye løyve for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure for 2009.
2. Møre og Romsdal fylke meiner at det ikkje bør settast eit tak for kor mange løyve ein søker kan tildelast.
3. Møre og Romsdal fylke er positive til at 3 mill NOK for kvart løyve som blir tildelt i fylkeskommunen tilbakeføras til fylkeskommunen. Møre og Romsdal fylke ynskjar at resten av vederlaget (5 mill NOK/tildelt løyve) skal tilbakeførast til den aktuelle kommunen.
4. Møre og Romsdal fylke sluttar seg til at mindre og mellomstore aktørar skal prioriterast i tildelinga av nye løyve for produksjon av matfisk laks, aure og regnbogeaure i 2009.

5. Møre og Romsdal fylke er positiv til at Regjeringa vil leggje til rette for auka bearbeiding. Men gjer merksam på at dette kriteriet kan vere vanskeleg å etterprøve.
6. Møre og Romsdal fylke ser positivt på at endring i lokalitetsstrukturen for å kjempe i mot pankreasjuksom (PD) og andre virus- og bakteriesjukdommar og parasittar er eit tildelingskriterium.
7. Møre og Romsdal fylke ser positivt på at Regjeringa ynskjer å fremme økologisk produksjon av laks, aure og regnbogeaure.
8. Møre og Romsdal fylke er positiv til at fylkeskommunen er tiltenkt ei rolle som næringspolitisk rådgjevar i tildelingsrunden i 2009.
9. Møre og Romsdal fylke meiner at fire veker er for knapp høyringsfrist dersom ein skal behandle søknadane politisk i fylkeskommunen.

Bergljot Landstad  
regional- og næringsdirektør